



KARMØY KOMMUNE

Valen Vokalensemble

Dato: 15.11.2023

co/ Ådne Sæverud Lervigbrygga 51

Dokumentnummer: 20/5872-47

Dykkar referanse:

4014 Stavanger

Saksbehandlar: Astrid Havn Tranøy

Svar - søknad om tilskott til konsertrekke med Valen vokalensemble

Kommunen har behandla søknaden dykkar om kommunalt tilskot til konsertrekke med Valen vokalensemble 17.-19. november 2023, tre konsertar, inkludert opptreden under gudsteneste i Avaldsnes kyrkje 19. november.

Vedtak

stab kultur i Karmøy kommune har tildelt kr 10 000 til konsertrekka.

Vilkår for å få tilskotet

For å få utbetalt tilskotet må de gjennomføre tiltaket i tråd med søknaden. Det skal gå fram at Karmøy kommune har gitt tilskot til tiltaket. De finn logoen vår og retningslinjer for bruk på www.karmoy.kommune.no. Arrangementet skal vera ope for alle.

Utbetaling av tilskotet

Tilskotet er gyldig i inneverande budsjettår. De må senda oss ein faktura på tilskottsbeløpet.

Har de spørsmål?

Ta gjerne kontakt med Astrid Havn Tranøy på telefon om du har spørsmål eller treng meir informasjon.

Klagerett

De har rett til å klaga på dette vedtaket. De må i så fall klaga innan tre veker frå de har mottatt dette brevet. Sjå vedlegg med meir informasjon om klagerett.

stab kultur har behandla saka, jf. kommuneloven 13-1, sjette ledd. Det er eit administrativt vedtak, fatta etter gjeldande delegeringsreglement, vedtaksnr. .

Med helsing

Astrid Havn Tranøy
rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Klagerett

Du har rett til å klage på dette vedtaket. Klageretten er omtalt i forvaltningsloven § 28.

Klagefrist	Klagefristen er tre veker frå den dagen du fekk dette brevet. Det er nok at klagen er sendt på e-post eller postlagd før fristen går ut. Dersom du klager så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplysa om datoen for når du fekk brevet. Dersom du klager for seint, kan me sjå bort frå klagen. Du kan søka om å få lengre klagefrist. Du må i så fall grunngi søknaden.
Innhald i klagen	Du må opplysa om kva vedtak du klagar på, grunnen til at du klagar, kva endringar du ønsker, og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seia for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
Kven sender du klagen til?	Klagen sender du på e-post til post@karmoy.kommune.no eller i brev til Karmøy kommune, stab kultur, Rådhuset, postboks 167, 4291 KOPERVIK. Dersom vedtaket vårt ikkje vert endra som følge av klagen, sender me klagen til klageinstansen for endeleg vedtak.
Klageinstans	Statsforvaltaren er klageinstans i nokon saker, og kommunen sitt formannskap eller klageutval i andre saker. Dersom saken går til ein klageinstans, vil du få konkret beskjed om kva instans det er.
Rett til å sjå dokumenta og til å krevja rettleiing	Med nokon unntak har du rett til å sjå dokumenta i saken. Reglane om dette finn du i §§ 18 og 19 i forvaltningsloven. Har du behov for rettleiing, ta kontakt med oss, så vil vi gi nærmare rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåten og om saksgangen elles.
Kostnadene med klagesaka	Dersom vedtaket blir endra til din fordel, kan du ha krav på å få dekkja større kostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket, f.eks. til advokathjelp. Dersom det trengst, vil klageinstansen orientera deg om retten til å krevja å få dekket saksomkostningar. Eventuelt krav om dekning av saksomkostningar må fremmast innan tre veker etter at det nye vedtaket blei gjort kjent for deg.
Klage til Sivilombudsmannen	Dersom du meiner at du er urettferdig behandla av den offentlege forvaltninga, kan du senda inn ein klage til Sivilombudsmannen. Sivilombudsmannen kan ikkje endra vedtaket, men kan gi sin vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saken, og om det er gjort feil eller noko er forsømt. Dette gjeld ikkje i saker som er avgjort av Kongen i statsråd (regjeringa). Då kan du ikkje seinare få saka di inn for Sivilombudsmannen.